

## Repparfjorden – i den store samanhengen

Repparfjorden er ein liten fjord i Finnmark, vel ei mil lang, og blei oversett dengang alle landets skoleelevar skulle lære dei store fjordane i Finnmark på rams med regler som *Vargen Tar Laksen På Altafjord* eller *Aller Pikene Løper Til Vinduet*. Likevel har denne fjorden det siste tiåret blitt kjent langt ut over Noregs grenser av ein einaste grunn: Planen om fjorden skal fyllast gruveavfall i nesten ufattelige mengder. Om alle no kjente kopparressursar i fjellet blir tatt ut, kan det vere snakk om rundt 70 millionar tonn i fjorden.

I Gnist 1-2022 blei det fortalt om aksjonsleiren ved Repparfjorden sommaren 2021, som klarte å hindre at anleggsarbeidet kom i gang. Når dette skrivast er der fortsatt stillstand, men kampen kan ta til igjen i løpet av året. I denne artikkelen vil eg følge opp med å sette fjorden og kampen om Nussir-gruva inn i ein større samanheng.

### Alta og etterpå

Ingen miljøkamp i noregshistoria har ført til så stort engasjement som kampen om utbygging av Guovdageaidnu-Alta-vassdraget, som varte i fleire tiår med høgdepunkt 1978-81. Både for vassdragsvernet og sameretten blei kampen eit tidsskilje, der ein snakkar om før og etter Alta. Gjennom denne kampen blei det utvikla ein allianse mellom naturvernarar og samerettsforkjemparar, som seinare har gjenoppstått bl.a. ved Repparfjorden. Altakampen utløyste Samerettsutvalet, Sametinget og at ei rekke lover fikk krav om omsyn til samisk kultur. Etter Altakampen var det mange som trudde at ei slik total overkjøring av samane sin rett til land og vatn ikkje kunne skje igjen. Dei tok dessverre feil. Det skjer no – ikkje minst ved Repparfjorden.

### Mineralstrategi for sjødumping

Den førre koppargruva ved Repparfjorden blei lagt ned i 1978. Heile den norske mineralnæringa blei kraftig redusert og ut på 1990-talet var det nesten ingenting igjen. Først da metallprisane på verdsmarknaden starta å stige i 2005, blei det for alvor aktuelt å gjenoppbygge norsk gruveindustri. Same året blei aksjeselskapet Nussir danna. Koppargruva ved Repparfjorden skulle bli føregangsgruva i den nye mineralsatsinga, og direktøren sa at der dei gikk foran ville heile landet komme etter. Det blei den "raudgrøne" regjeringa 2005-13 som fikk jobben å legge til rette for mineralsatsinga – og Nussir. Etter at dei i 2009 hadde fått vedtatt ny minerallov kom som krona på verket mineralstrategien i 2013. Strategien hadde som hovudbodskap: *"Regjeringen ønsker at Norge skal være et attraktivt land å drive mineralvirksomhet i."* Målsettinga var altså å tiltrekke utanlandsk kapital gjennom å gi denne betre utsikter til profitt enn om selskapa investerte i Kongo eller Chile. Kva kan da vere Noregs konkurransefortrinn? Ikkje særlig rike ressursar, ikkje billig arbeidskraft, ikkje avansert teknologi. Gjenstår bare to ting: Minimale skattar og minimale miljøomsyn. Ikkje mye å skryte av for sosialdemokratlar, så det kunne ikkje seiast rett ut, men både i strategien og praksisen etterpå skin det gjennom: Noregs hovudtilbod til gruvekapitalen er at dei kan spare milliardar på å dumpe avgangen i næraste fjord.

### Nussir i Nordområdestrategien

Den "raud-grøne" regjeringa var også opphavet til Nordområdestrategien av 2006. Nord-Norge skulle ikkje lenger vere ein bortglømt landsdel "bak Vårherres rygg", men utviklast storlig gjennom olje og gass, gruve drift, kraftutbygging og fiskeoppdrett. Dei tradisjonelle næringane fiskeri, jordbruk og reindrift var ikkje ein del av strategien, dei skulle i beste fall få halde fram så lenge dei ikkje sto for mye i vegen for dei nye.

Strategien blei begjærlig gripe av regjeringspartia sine lokalpolitikarar i nord, ikkje minst i Kvalsund kommune. Der skreiv den lokale forfattern Marion Palmer i 2014 artikkelen

*Nordområdesatsingas utstillingsvindu*, ei skildring som står seg den dag i dag, og bør lesast i original.<sup>1</sup> Kva nordområdestrategien innebærer i dag kan ein indirekte lese i eit innlegg 7 sentrale politikarar i Vest-Finnmark har kjørt i ei rekke medier vinteren 2022, der dei klagar over at reindrifta er til hinder for full utnytting av areala til kraftutbygging og industrialisering.<sup>2</sup>

### **Ein del av det grønne skiftet?**

Koppar er nødvendig for det grønne skiftet og Nussir-gruva skal bidra til at Noreg oppfyller Paris-avtalen og reddar klimaet. Så enkelt kan det seiast. I dag får ein inntrykk av at det er det grønne skiftet som er sjølve motivasjonen både for denne gruva og heile mineralsatsinga.

Nussir-selskapet blei danna i 2005. "Det grønne skiftet" blei for første gong kopla til auka mineralutvinning i 2016. Frå da gikk det i lynfart. Mens den nasjonale mineralstrategien av 2013 og mineralstrategien for Finnmark av 2015 ikkje nemner grønt skifte med eit ord, gjør den felles mineralstrategien for Nord-Norge av 2019 dette til eit hovudpunkt. Når regjeringa no snakkar om å lage ein ny mineralstrategi, er dette trulig ein av hovudårsakene: For å kunne møte kritikken frå miljøørsla må ein føre kampen over på deira heimebane og gjøre auka mineralutvinning til del av det grønne skiftet.

Nussir-gruva skal også bli grøn på anna vis. Det er planlagt at alle maskinar som skal arbeide i gruva skal vere elektriske, og dermed "grønne". Kva dette vil krevje av utbygging av vind- og vasskraft er ikkje nemnd, og sjølvsagt ikkje kva skadar dette vil føre til på naturen.

### **Prinsipp med presedens**

Om Nussir-gruva er viktig for norsk mineralstrategi, er ho minst like viktig for miljøørsla, for reindrifta, fiskerinæringa og andre som går mot denne gruveetableringa. Her står fleire viktige prinsipp på spel, og ryk desse gir det ein presedens som gjør det langt vanskeligare å stoppe tilsvarande prosjekt.

1. Skal det vere lov å dumpe gruveavfall i sjøen?
2. Skal det vere lov å presse gjennom utbyggingar i samiske område stikk i strid med samiske naturbrukarar og Sametinget?
3. Skal det vere tillatt å rasere natur utan konsekvensutgreiing?

### **Ein del av norsk og internasjonal gruvekamp**

Både Nussir og Nordic Mining ved Førdefjorden har hatt svært lang saksbehandling, ikkje minst på grunn av stor motstand. Kjem desse to i gang, vil ei rekke andre saker følge. Blant dei første er gullgruveplanen i Bindal i Nordland, som også er planlagt med sjødumping. Ikkje minst vil vi få eit sterkt press for å tillate gruve drift på havbotn, og ein føresetnad for denne er at avgangen kan dumpast tilbake i havet.

Det er ikkje bare i Noreg at det er strid om gruver. I Sverige har det vore langt fleire kampar, og ein av dei, Gállok i Jokkmokk, vil trulig brake laus igjen i år.

Den internasjonale mineralindustrien er svært mektig. Dei landa der dei fleste selskapa er registrerte, særlig Canada og Australia, støttar industrien mot styresmaktene i andre land når dei pressar på for å få utvinne overalt der det er lønsamt og for å få minst mogleg hinder i form av miljø- og arbeidslivsstandardar. Dei enorme inngrepa, forureiningane og risikoane knytta til mineralnæring fører til motstand, både frå lokalbefolkning som mistar livsgrunnlaget sitt og frå nasjonale og internasjonale miljøorganisasjonar. Eg har så langt registrert eksempel på motstand mot gruve drift i meir enn 70 land og det er trulig langt fleire. Mens den internasjonale mineralnæringa har sin mektige organisasjon ICMM – International Council on Mining and Metals, har motstandarane enno ikkje noko tilsvarande. Gruvespørsmål er til ei viss grad tatt opp av internasjonale miljøorganisasjonar som Greenpeace, WWF og Friends of the Earth, og det er etablert eit ganske lite nettverk kalla Yes to Life, No to Mining. I tillegg finst det i fleire land

---

1 <https://nordnorsk-magasin.no/2014/09/23/nordomradesatsingas-utstillingsvindu>

2 <https://www.ifinnmark.no/grensen-er-nadd/o/5-81-1543915>

nettstadar kalla Mining Watch, som samlar og spreier informasjon om gruvesaker. Likevel manglar det ein organisasjon som kan samle gruvemotstanden til kamp for internasjonale standardar.

### **Kva skjer med Nussir no?**

Tilbake til Repparfjorden. I oktober blei leiren på Markoppneset pakka ned etter at byggeløyvet blei gitt "utsatt iverksettelse" i påvente av klagebehandling. I mars kom meldinga at Statsforvalteren har oppheva løyvet og gitt kommunen ordre om ny behandling. Det vil derfor enno minst gå nokre månadar før gravemaskinskuffa blir sett i jorda. Kor mye utsetting det er avhengig av korleis Hammerfest kommune og Nussir vil svare på vedtaket til Statsforvaltaren. Kommunen kan halde på løyvet sitt til å starte anleggsarbeid før reguleringsplanen er ferdig, bare gi ei betre grunngeving, som dei da ikkje veit om vil bli godtatt, dei kan vente på behandling av ein reguleringsplan med eller utan konsekvensutgreiing. Eller Nussir kan gi opp heile planen om prosessanlegg på Markoppneset og vende tilbake til sin opprinnelige plan som dei har driftskonsesjon til. Det siste vil krevje at dei får ein avtale med andre brukarar, som dei ikkje har fått til så langt, eller at staten rett og slett skjærer gjennom og eksproprierer andre brukarar til fordel for Nussir.

Etter dagens prisar ligg det koppar for opp til 70 milliardar kroner i dei førekomstane som er planlagt utvunne i fjella ved Repparfjorden. Trass alle vanskar vil aksjonæranne nødig la den sjansen gå frå seg. For motstandarane står og mye på spel, og alle middel er enno ikkje oppbrukte. Alt tyder derfor på at kampen enno vil halde fram og at det kan bli fleire leirar ved Repparfjorden.